

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset
Dato: 27.03.2017
Tidspunkt: 10:00 – 15:10

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Inge Reidar Kallevåg	Leiar	H
Kristian Helland	Nestleiar	FL KRF/SP
Terje Kollbotn	Medlem	R
Åse Gunn Husebø	Medlem	A

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Sara Økland	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Magne Ivar Fauskanger	Sara Økland	FRP

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann, sak PS 26/17 og PS 27/17
Birte Bjørkelo	Forvaltningsrevisor Deloitte
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Sekretariat for kontrollutvalet
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Sekretariat for kontrollutvalet

Inge Reidar Kallevåg
utvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 24/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 25/17	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 26/17	Selskapskontroll av Bybanen AS - Fylkesrådmannen orienterer om status på oppfølging av tilsyn frå Jernbanetilsynet	2016/11222	
PS 27/17	Forvaltningsrevisjon av NDLA, Del II - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/2073	
PS 28/17	Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2" - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/1940	
PS 29/17	Årsmelding for kontrollutvalet for 2016	2017/2535	
PS 30/17	Selskapskontroll av Hordaland Teater - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/9439	
PS 31/17	Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/9440	
PS 32/17	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon skuleskyss	2015/8848	
PS 33/17	Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/11221	
PS 34/17	Oppfølging - Selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS	2014/14567	
PS 35/17	Gjennomgang av møteprotokollar	2015/11023	
PS 36/17	Referatsaker		
RS 2/17	Invitasjon til FKTs fagkonferanse og årsmøte 2017	2014/10539	
RS 3/17	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. februar 2017	2015/10348	
RS 4/17	Vedtak i TING 8.3.17 - Eigarskapsmelding 2017	2015/11183	
RS 5/17	Vedtak i TING 8.3.17 om Finansforvaltninga i 2016	2016/4239	
RS 6/17	Vedtak - Val av revisor	2014/10505	
PS 37/17	Eventuelt		

PS 24/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

PS 25/17 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017

Vedtak

Møtebok frå møte 13.02.2017 vart samrøystes vedteke.

PS 26/17 Selskapskontroll av Bybanen AS - Fylkesrådmannen orienterer om status på oppfølging av tilsyn frå Jernbanetilsynet

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017

Handsaming i møte

Fylkesrådmann Rune Haugsdal orienterte om status i høve oppfølging etter tilsynet frå Jernbanetilsynet med Bybanen AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram følgjande:

- Informasjon i brev frå Statens jernbanetilsyn 21.03.2017 til Keolis Norge AS om oppfølging av rapport etter tilsyn i desember 2015, send kontrollutvalet på e-post etter møtet
- Notat til fylkesutvalet 30.03.2017 om organisering av bybanedrifta, send kontrollutvalet på e-post etter møtet
 - Vedlegg til notatet - Evaluering av Bybanen AS – Rapport frå Karabin AS 22.03.2017
- Det skal no lagast ein plan for å gjennomføre forbetringar i høve rapporten frå Karabin AS
- På bakgrunn av dette skal det leggjast fram ei sak for fylkestinget i juni 2017 med forslag til ny rollefordeling og organisering av drifta av Bybanen AS

Kontrollutvalet vil komme tilbake til saka i møte 28.08.2017, når ein ser korleis handsaminga vert i fylkestinget i juni.

Etter detta vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet vil komme tilbake til saka i møte 28.08.2017 når ein ser korleis handsaminga vert i fylkestinget i juni.

PS 27/17 Forvaltningsrevisjon av NDLA, Del II - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017

Handsaming i møte

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.3 under Deloitte si orientering.

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo orienterte om status i den pågåande forvaltningsrevisjonen av NDLA, del II, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Fylkesrådmannen var også til stades under handsaming av saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom fram at revisjonsrapporten vert ytterlegare forseinka. Den skal leverast til sekretariatet 08.05.2017 og handsamast i eit ekstra møte i kontrollutvalet 23.05.2017.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Revisjonsrapporten vert ytterlegare forseinka. Den skal leverast til sekretariatet 08.05.2017 og handsamast i eit ekstra møte i kontrollutvalet 23.05.2017.
2. Informasjonen vart elles teken til orientering.

PS 28/17 Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2" - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo orienterte om status i den pågåande forvaltningsrevisjonen innan innkjøp i vidaregåande skular - Del 2 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet gjev fullmakt til leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, til å vurdere innspel frå Deloitte i høve utval på tal skular. Notat om auka timetal frå Deloitte vert lagt fram for kontrollutvalet i møte 08.05.2017.

Etter detta art slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet gjev fullmakt til leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, til å vurdere innspel frå Deloitte i høve utval på tal skular.
2. Notat om auka timetal frå Deloitte vert lagt fram for kontrollutvalet i møte 08.05.2017.
3. Informasjonen vart teken til orientering.

PS 29/17 Årsmelding for kontrollutvalet for 2016

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2016 for kontrollutvalet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017

Handsaming i møte

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2016 for kontrollutvalet.

PS 30/17 Selskapskontroll av Hordaland Teater - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017

Handsaming i møtet

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.3 i delar av Deloitte si orientering.

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte orienterte om status i høve arbeidet med selskapskontroll av Hordaland Teater og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 31/17 Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017

Handsaming i møtet

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.3 i delar av Deloitte si orientering.

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte orienterte om status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 32/17 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon skuleskyss

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon skuleskyss i Hordaland fylkeskommune held på, men at det framleis gjenstår mykje arbeid før alle punkt er ferdig gjennomført.
2. På bakgrunn av at dette ber kontrollutvalet om å få ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 27.11.2017.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017

Handsaming i møte

Kontrollutvalet meiner at ny tilbakemelding på forbetningsarbeidet må leverast før den datoen som ligg i forslag til vedtak og ber om at ny skriftleg status vert levert innan 01.08.2017.

Med endring i dato i punkt 2 i vedtaket vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon skuleskyss i Hordaland fylkeskommune held på, men at det framleis gjenstår mykje arbeid før alle punkt er ferdig gjennomført.
2. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om å få ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.08.2017.

PS 33/17 Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte orienterte om status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 34/17 Oppfølging - Selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet selskapet har gjennomført i samband med selskapskontroll av **Fastlandssambandet Halsnøy AS**
2. Kontrollutvalet merkar seg også at det har gått særst lang tid sidan revisjonsrapporten vart handsama i fylkestinget 10.3.2015 utan at alle forbetringane er ferdig gjennomført.
2. På bakgrunn av at det framleis er ein del arbeid som er planlagt ferdig i løpet av første halvår 2017 ber kontrollutvalet om å få ny skriftleg statusrapport på punkta 1a, 1b, 1c, 1d, 2 og 4 innan 01.09.2017.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017

Handsaming i møte

Kontrollutvalet meiner at det har gått særst lang tid frå vedtaket i fylkestinget 10.03.2015 utan at alle forbetringane er ferdig gjennomført. Utvalet ønskjer difor at frist for ny skriftleg statusrapport vert sett til 01.08.2017.

Dersom kontrollutvalet ikkje har motteke tilfredstillande svar frå Fastlandssambandet Halsnøy AS innan 01.08.2017 vil utvalet kalle inn styreleiar for å orientere om manglande svar.

Med endring i møtedato i punkt 3 vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet selskapet har gjennomført i samband med selskapskontroll av **Fastlandssambandet Halsnøy AS**
2. Kontrollutvalet merkar seg også at det har gått særst lang tid sidan revisjonsrapporten vart handsama i fylkestinget 10.3.2015, utan at alle forbetringane er ferdig gjennomført.
3. På bakgrunn av at det framleis er ein del arbeid som er planlagt ferdig i løpet av første halvår 2017 ber kontrollutvalet om å få ny skriftleg statusrapport på punkta 1a, 1b, 1c, 1d, 2 og 4 innan 01.08.2017.

PS 35/17 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017

Handsaming i møte

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- | | |
|--|------------------------------|
| • Fylkestinget | 07. – 08.03.2017 |
| • Fylkesutvalet | 22.02.2017 |
| • Utval for kultur, idrett og regional utvikling | 15.02.2017 |
| • Utval for opplæring og helse | 07.02. og 14.03.2017 |
| • Utval for miljø og samferdsel | 08.02., 21.02. og 15.03.2017 |

Når vara vert innkalla til møte i kontrollutvalet, skal sekretariatet gjera merksam på at vedkommande har ansvar for å gjennomgå aktuelle møteprotokollar.

Etter dette vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Når vara vert innkalla til møte i kontrollutvalet, skal sekretariatet gjera merksam på at vedkommande har ansvar for å gjennomgå aktuelle møteprotokollar.
2. Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering

PS 36/17 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017

Handsaming i møte

RS 2/17 Invitasjon til FKT's fagkonferanse og årsmøte 2017

Det vart informert om at Inge Reidar Kallevåg er allereie påmeld FKT-konferansen.

Vedtak

Dei av dei faste medlemmene som ønskjer det, kan delta på denne konferansen. Det kan gjerast ved å ta kontakt med sekretariatet, som vil syte for påmelding og bestilling av flybilletter.

Dei andre referatsakene vart tekne til orientering.

PS 37/17 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017

Handsaming i møte

Etter felles drøfting vart kontrollutvalet samde om å legga augustmøtet til området Stord og Bømlo. Sekretariatet vert beden om å lage eit forslag til program til neste møte i utvalet.

Sekretariatet vert bedne om å få i stand eit felles møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane, t.d. i samband med møte 08.05.2017 eventuelt 15.06.2017, i høve regionreforma og kontrollutvalet si rolle.

Etter dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet til neste møte kjem med forslag til program for augustmøtet som skal leggjast til området Stord og Bømlo.
2. Sekretariatet vert bedne om å få i stand eit felles møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane, t.d. i samband med møte 08.05.2017 eventuelt 15.06.2017, i høve regionreforma og kontrollutvalet si rolle.